

Informasjon til verksemder og privatpersonar som skal arbeide nær høgspentanlegg

Mostraum Nett AS eig og driftar høgspenlinjer og høgspenkablar i bakken. Arbeid i nærleiken av desse anlegga kan vere farleg og krev særlege tryggingstiltak. Skal du arbeide med gravemaskin, lift, kran eller liknande nærmare enn 30m frå våre anlegg gjeldt følgjande reglar.

Krav før oppstart av arbeid

- Ta alltid kontakt med Mostraum Nett AS før du startar arbeid nær høgspentanlegg.
- For arbeid innanfor tryggleiksavstand til høgspenline eller kabel i bakken, skal det fyllast ut ein "Nær ved-avtale".
- Du må gjennomføre ei risikovurdering og planleggje nødvendige tryggingstiltak i samråd med netteigar.

Døme på arbeid som krev avtale

- Graving eller masseforflytting
- Bruk av kran eller lift
- Boring og liknande djupare enn 40cm ned i bakken
- Sprenging
- Trefelling
- Montering eller vedlikehald av konstruksjonar nær linjer
- Anna aktivitet som kan komme innanfor tryggleiksavstanden

Ansvar

Tiltakshavar (verksemd eller privatperson) er ansvarleg for at alt arbeid skjer i samsvar med:

- Forskrift om elektriske forsyningsanlegg (FEF)
- Forskrift om sikkerheit ved arbeid i og drift av elektriske anlegg (FSE)
- Arbeidstilsynet sine reglar

Mostraum Nett AS fråskriv seg ansvar for skade som følgje av arbeid utført utan avtale eller i strid med gjevne vilkår.

Kontaktinformasjon

- **Telefon:** 95962186
- **E-post:** mostraum@modalenkraftlag.no

